



NAV HORDALAND  
Postboks 284  
5804 BERGEN

Dato: 13.03.2017  
Vår ref.: 2016/5124-2  
Saksbehandlar: johmeye  
Dykkar ref.:

## **Melding om mogeleg "masseoppseiing" i Hordaland fylkeskommune, jf arbeidsmarkedslova § 8 og arbeidsmiljølova § 15-2**

Hordaland fylkeskommune meldar gjennom dette brev at endringar i skuletilbodet til elevar i vidaregåande opplæring i år vil føre til ein overtalssituasjon som kan føre til oppseiingar av fleire enn 10 lærarar. Denne situasjonen utløysar fylkeskommunen sin varslingsplikt til NAV.

Fylkestinget i Hordaland fylkeskommune har gjort vedtak om avvikling av Hjeltnes vidaregåande skule og samanslåing av Etne og Ølen vidaregåande skular, begge med verknad frå 1. august 2017.

Det politiske vedtaket om samanslåinga av skulane i Etne og Ølen omfattar i første rekke tilboda til elevane. Dette inneber i praksis at Etne vidaregåande skule vert avvikla ettersom det ikkje vert tale om «virksomhetsoverdragelse» jf arbeidsmiljølova kap 16. Det er i dag 21 tilsette ved Etne vidaregåande skule.

Delar av verksemda ved Hjeltnes vidaregåande skule er i noko grad overført til nye Voss vidaregåande skule. I tida etter 1. august 2017 skal det berre vere att ei mindre gruppe tilsette som skal halde fram med noko kursverksemd og elles vedlikehalde eigedomen og bygningane i von om avklåring med omsyn til framtidig bruk.

På bakgrunn av endra søkjartal til tilbod også ved andre skular i fylkeskommunen ser vi at dette kan føre til noko overtal. Spesielt kan vi nemne at Nordahl Grieg vgs i Bergen skal avvikle 4 klassar som igjen fører til i overkant av 8 overtalige .

Hordaland fylkeskommune vil arbeide aktivt saman med dei tillitsvalte og bruke naudsynt tid med sikte på å finne løysingar for dei tilsette. Særs stor reiseavstand frå Etne vidaregåande skule til andre fylkeskommunale verksemder gjør at vi likevel allereie på noverande tidspunkt ser at overtalssituasjonen vil resultere i oppseiingar av noko omfang ved denne skulen.

Ingrid Kristine Holm Svendsen  
fylkesdirektør økonomi og organisasjon

Geir Davidsen  
HR-direktør

*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*

Kopi: Dei hovudtillitsvalte i Hordaland fylkeskommune